

# **Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.**

Dette dokumentet er utarbeidd med utgangspunkt i dei dokument ein har klart å få hand om, og som ein meiner er relevante for saka. Spørsmål om enkeltdokument kan rettast til underteikna.

Frøysnes 22.02.2010

Knut Olav Frøysnes  
kof@froysnes.no

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

**02.04.1981 Vegsjefen i Aust-Agder sender brev til Torbjørn Frøysnes.**

*Ved Frøysnes har ein ennå ikkje handsama hovudplan for utbetring av vegen. Ein meiner likevel at det må veljast mellom 2 måtar. Anten må ein fylgje nåverande veg ved å utbetre denne, eller byggje ny veg lengst nede ved fjorden.*

**22.05.1981 Vegsjefen i Aust-Agder gjev dispensasjon for bustadhus ved fjorden.**

**01.03.1983 Bygland kommune sender vedtak i formannskapet til Vegsjefen i Aust-Agder.**

*Bygland kommune oppmodar vegsjefen til å sette i gong planlegging for bygging av ny riksveg gjennom Frøysnes.*

**11.03.1983 Vegsjefen i Aust-Agder sender brev til Bygland kommune.**

*For neste planperiode (1986-1989) blir det meste av investeringane for RV12 konsentrert om Trydal – Bykle bru og Valle. Dette er i samsvar med Norsk Vegplan. Ei større utbetring eller ei omlegging ved Frøysnes kan da ikkje koma før etter 1989. Planprosessen er i dag så lang at vi reknar 4-5 år fra start av hovudplan til arbeidet kan starta opp.*

**04.02.1985 Bygland kommune sender uttale til Vegsjefen i Aust-Agder m.fl.**

*Bygland trafikksikkerhetsutval bed vegsjefen i Aust-Agder om å prioritere ei samanhengande utbygging av RV12 nordover frå Bygland sentrum. Trafikksikkerhetsutvalet gjer framlegg om at vegsjefen innarbeider strekninga Bygland – Ose i budsjettperioden 1986 – 1989.*

**11.03.1985 Vegsjefen i Aust-Agder sender detaljplan for strekninga Frøysnes – Ose til Bygland kommune.**

Detaljplanen for strekninga Frøysnes – Ose vert lagt fram med den grunngevinga at det har vore flest ulykker på denne strekninga og at det kan investerast meir enn planlagt.

*I Norsk vegplan for perioden 1986-1989 er det sett av 2,2mill. kr til hovedparsell 05 Bygland – Nomeland, men det ser no ut til at det kan investerast meir i denne parsellen.*

**23.04.1985 Bygland kommunestyret godkjenner detaljplan for stekninga Frøysnes – Ose.**

*Kommunestyret ser vegprosjektet mellom Frøysnes og Ose som eit ekstra tiltak på ei vanskeleg vegstrekning, og godkjenner detaljplanen oversendt frå vegsjefen ved brev dat. 11.03.85. Anlegget kan settast i gang straks.*

*Kommunestyret gjer vidare framlegg ovanfor vegsjefen om at RV12 vert utbygd samanhengande nordover frå Bygland sentrum.*

**21.10.1985 Bygland kommune kallar inn til møte med grunneigarane på Frøysnes.**

*Vegsjefen er no klar til å sette i gang planlegging av ny riksveg gjennom Frøysnes. Før planlegginga blir sett i gang vil vegsjefen ha eit møte med grunneigarane.*

**28.10.1985 Orienteringsmøte med grunneigarane på Frøysnes.**

På møtet blir det blir lagt fram kart med forslag til veg utanom Frøysnes ved fjorden.

**Feb.1986 Aust-Agder Vegkontor legg fram hovudplan for ny RV12 utanom Frøysnes ved fjorden.**

I planen er vegen lagt lenger inn på land enn det som vart lagt fram på møtet med grunneigarane.

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

*Under arbeidet med hovedplanen har vi vurdert flere ulike løsninger for framføring av RV12 gjennom Frøysnes. Vi fremmer imidlertid bare det ene forslaget som under planleggingen har vist seg å være det eneste realistiske. Med dette mener vi også at en opprusting av eksisterende veg ikke er noen løsning på lengre sikt.*

**08.04.1986 Merknader til hovudplanen frå to grunneigarar.**

Det kjem merknad frå to grunneigar om at vegen må leggest lenger ut mot fjorden i tråd med kartet som vart lagt fram på møtet 28.10.1985.

**22.04.1986 Orienteringsmøte med grunneigarane på Frøysnes.**

På møtet vart det lagt fram oppdatert kart. Her er veglinja lenger ut mot fjorden enn i hovudplanen men ikkje så langt ute som på kartet frå møtet 28.10.1985.

**26-29.04.1986 Merknader til hovudplanen frå fem grunneigarar.**

Det kjem no merknad frå fem grunneigar om at vegen må leggest lenger ut mot fjorden tråd med kartet som vart lagt fram på møtet 28.10.1985.

**09.07.1987 Bygland kommunestyre godkjenner hovudplan for ny RV 12 utanom Frøysnes ved fjorden.**

*Bygland kommune sluttar seg til hovedplanen for RV12 langs fjorden. Traceen må leggest så langt ut mot fjorden som råd i samråd med grunneigarar og landbruksstyresmaktene. Dersom den gamle RV 12 skal overtakast av kommunen må han opprustast etter at anleggsarbeidet er avslutta.*

**03.11.1987 Vegdirektoratet sender brev med godkjenning av hovudplanen for ny RV 12 utanom Frøysnes ved fjorden.**

*Planbehandlingen viser full prinsipiell enighet om trasevalget, men det blir fra kommunen, lokale lanbruksmyndigheter og grunneire pekt på at vegen må legges så langt ut mot fjorden som mulig...*

*Vegkontoret bes kontakte fylkes miljøvernnavdeling for å få istand samarbeid under detaljplanfasen...*

*Vegdirektoretet fatter følgende vedtak: Vegdirektoratet godkjenner hovedplan for ny RV 12 utenom Frøysnes i Aust-Agder. Planen er datert februar 1986.*

**28.12.1987 Statens Vegvesen Aust-Agder sende brev med underretting om godkjent hovudplan for ny RV12 utanom Frøysne ved fjorden.**

**02.11.1989 Statens Vegvesen Aust-Agder sender ut detaljplan for ny RV12 utanom Frøysnes ved fjorden.**

Her er vegen plassert som den vart lagt fram på orienteringsmøte 22.04.1986. Ynskja frå Bygland kommune og grunneigarane om å legge vegen lenger ut mot fjorden er ikkje teke til fylgje.

**04.05.1990 Fylkesmannen i Aust-Agder sender brev med merknad til Statens Vegvesen Aust-Agder.**

*Fylkesmannen har behandlet saken og er av den konkluderende oppfatning at det viste trasevalg ikke kan aksepteres ut fra de overordnede miljøhensyn som må ivaretas her*

**24.10.1990 Statens Vegvesen Aust-Agder sender ut detaljplan for alternative linje i lia bak**

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

**bebyggelsen for ny RV12 utanom Frøysnes.**

*Ved behandling av planen, kom det innsigelse fra Fylkesmannen i Aust-Agder. Innsigelsen gikk på de natur- og miljømessige forhold ved planen.*

*Vegkontoret har nå utredet ei ny linje (alt. linje) bak bebyggelsen på Frøysnes med tunnel ved Nordigarden... Ved en forskjell i kostnadene på 5 mill. kr velger vegsjefen å holde fast ved linja langs fjorden.*

**16.01.1991 Statens Vegvesen sender detaljplanen til Bygland kommune for avgjersle.**

**31.01.1991 Bygland kommunestyre avviser å realitetshandsame saka.**

*Bygland kommune vil avvise å realitetsbehandsme val av vegtrace inntil det ligg føre ei alternativ vegline lengre oppe i lia, og som i større grad tek omsyn til eksisterande busetnad på Frøysnes.*

*Ein forutset at dette kan gjerast innan 1. august 1991*

**31.01.1991 Fylkesmannen i Aust-Agder sender brev til Statens Vegvesen Aust-Agder.**

...  
*På grunnlag av uttalelsen av 04.05.1990 finner man at det nye traseforslaget ovenfor bebyggelsen er positivt, og finner at det i hovedsak innfrir de innvedninger som man hadde til fjordalternativet.*

...  
*Som det fremgår av vegvesenets brev av 24.10.90, holder vegsjefen fast ved fjordalternativet. Med bakgrunn i fylkesmannens brev av 04.05.90 vil saken derfor bli oversendt Direktoratet for naturforvaltning for videre behandling.*

**21.02.1991 Fylkesmannen i Aust-Agder sender saka til Direktoratet for naturforvaltning.**

**19.03.1991 Statens Vegvesen Aust-Agder sender ut brev om at vegsjefen har vedtatt godkjenning av detaljplan for ny RV12 utanom Frøysnes ved fjorden.**

**08.04.1991 Fylkesmannen i Aust-Agder sender brev til Statens Vegvesen Aust-Agder.**

*Direktoratet for naturforvaltning ber oss gjøre Statens Vegvesen Aust-Agder kjent med at saken på grunn av dens karakter nå blir behandlet på departementsnivå.*

**14.06.1991 Statens Vegvesen Aust-Agder sender saka til Vegdirektoratet**

**01.07.1991 Fylkesmannen i Aust-Agder sender brev med tilleggskommentar til Vegdirektoratet.**

*Det må vektlegges at miljøvernmyndighetenes syn ikke ble innhentet før hovedplanen i sin tid ble behandlet.*

**24.03.1992 Vegdirektoratet sender brev til Statens Vegvesen Aust-Agder der dei opphever detaljplanen og ber om ny hovedplanprosess.**

*Vi mener dette er et eksempel på behov for miljørevisjon av eldre planer. Jf kap 5.4 i «Retningslinjer norsk veg og trafikkplan 1994-97».*

*Vi ber derfor om at vegkontoret tar en ny hovedplanprosess med offentlig utleggelse og behandling i kommunestyret og øvrige offentlige etater. I tillegg til de to foreliggende traseer bør en linje enda lenger opp i lia vurderes nøyere.*

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

*Vegkontorets detaljplanvedtak av 14 mars 1991 blir med dette å betrakte som ikke gyldig inntil spørsmålet om trasevalg er endelig avklart gjennom en ny hovedplanprosess.*

**25.02.1994 Statens Vegvesen Aust-Agder sender ut melding om påbegynt arbeid med hovedplan for ny RV39 gjennom Frøysnes.**

**28.02.1994 Orienteringsmøte med grunneigarane på Frøysnes.**

**10.03.1994 Fylkesrådmannen i Aust Agder sender brev til Statens Vegvesen Aust-Agder.**

*Vi noterer oss at varselet gjelder oppstart av hovedplanarbeid, altså en planform etter vegloven. Som kjent skal vegplaner etter en overgangsperiode behandles etter Plan- og bygningslovens bestemmelser. Det foreliggende prosjektet bør derfor fremmes som en reguleringsplan.*

**20.05.1994 Statens Vegvesen Aust-Agder legg fram hovedplan med 3 alternative løysningar for ny RV39 gjennom Frøysnes.**

Alt. A - Aust for bygda (Ved fjorden nedanfor bygda)

Alt. B - Vest for bygda (I lia ovanfor bygda)

Alt. C - Eksisterande vegline som miljøprioritert gjennomkjøring (MPG-tiltak)

**29.09.1994 Bygland kommune v/kommunestyret tilrår Alt. C - Eksisterande vegline.**

*Bygland kommune tilrår at alternativ C blir valt som vegline for ny riksveg gjennom Frøysnes.*

**16.05.1995 Vegdirektoratet godkjenner hovedplan for ny RV39 gjennom Frøysnes Alt. C - Eksisterande vegline.**

*Vegdirektoratet godkjenner hovedplanen datert 20.05.1994 for RV39 gjennom Frøysnes etter alternativ C som vist på tegningene C7-C9 datert 26.01.1994. Vegen bygges som hovedveg med standardklasse H2, vegbredde 6,5m og dimensjonerende fart 50/80km/t.*

**03.11.1997 Bygland kommune sender vedtak i kommunestyret til Statens Vegvesen Aust-Agder.**

*Bygland kommune bed Statens Vegvesen Aust-Agder, utarbeide reguleringsplan for RV9 gjennom Frøysnes, med bakgrunn i utarbeidd kommunedelplan.*

**22.05.1998 Statens Vegvesen Aust-Agder sender brev til Bygland kommune.**

*I slutten av 1995 laga vi utkast til vegplan for 1998-2001, og vidare fram til 2007. Det blei då foreslått å byggja RV9 Frøysnes i perioden 1998-2001.*

*Då vegplanen blei handsama sentralt, blei det drastiske nedskjeringer i veginvesteringene for Aust-Agder.*

*For RV9, Setesdalsvegen, er det berre set av pengar til Vorngevja-Tveit fram til 2007. Det vil sei at utbetring gjennom Frøysnes tidlegast kan kom i 2008.*

*Dette er så langt fram i tid, at vi finn ikkje å kunne planlegge no. Vi bør starte opp nokre år før det blir midler til prosjektet.*

**05.05.1999 Utredning om delvis bompengefinansiering av RV9, Setesdal i Aust-Agder.**

*3.2.4 Framdriftsplan: Frøysnes – Planlegging 2001-2002 – Utbygging 2003-2004*

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

**Des. 2000 Dokument frå Statens Vegvesen Aust-Agder.**

*5.5.1 Framdriftsplan: Frøysnes – Planlegging 2001 – Utbygging 2002-2003*

**2001-20002 Samferdselsdepartementet St.prp. nr. 50.**

*... I 2002 er det aktuelt med oppstart av Frøysnes i Bygland...*

**25.04.2001 Statens Vegvesen melder om oppstart av reguleringsarbeid for RV9 – Frøysnes.**

*Dersom Stortinget vedtek at det skal kunne krevjsast inn bompengar i Setesdal, vil desse bli nytta til ombygging/utbetring av RV9.*

*I samsvar med plan- og bygningslovas §27-1.1 blir det sett i gang reguleringsplanlegging for RV 9 på desse strekningane: Frøysnes, lengde om lag 2000m*

**06.11.2001 Bygland kommune v/Teknisk utval vedtek å legge ut forslag til reguleringsplan for RV9 – Frøysnes til ettersyn.**

**08.11.2001 Statens Vegvesen sender forslag til reguleringsplan for RV 9 – Frøysnes til Bygland kommune for handsaming.**

Denne planen gjeld ombygging/ny veg med MPG-tiltak langs eksisterande trase gjennom Frøysnes. Statens Vegvesen Aust-Agder tilrådte kommunen til å vedta planen.

**21.11.2001 Orienteringsmøte med grunneigarane på Frøysnes.**

I fylgje referat frå møtet orienterte Reimund Nilsen om bomstasjon på RV9 og at Frøysnes er på toppen av prioriteringslista av de tiltaka som skal gjennomførast med bompengemidler.

**Nov-des. 2001 Merknader til hovudplanen frå fem grunneigarar.**

Det kjem merknad frå fem grunneigar. Tre av desse protester ikkje på plassering av vegen og be i hovudsak om at avkjøringane til eigedomane må oppretthaldast. To ynskjer endå vegen ved fjorden.

**13.12.2001 Fylkesmannen i Aust-Agder sender uttale til Bygland kommune.**

**13.12.2001 Aust-Agder Fylkeskommune sender uttale til Bygland kommune.**

*Fylkeskommunen ble på planformum informert av Statens vegvesen om at planen som nå er sendt ut på høring ikke er aktuell i den form den nå foreligger. Fylkeskommunen vil allikevel kommentere planen som den foreligger, slik at våre kommentarer kan innarbeides i det nye forslaget.*

**20.12.2001 Bygland kommune v/LNM-utval kjem med uttale.**

**18.01.2002 Statens Vegvesen Aust-Agder sender uttale til Bygland kommune.**

*Planen er utarbeid av Statens Vegvesen Aust-Agder, utbyggingsavdelinga. Våre merknader vil då verte iveretatte på ein god måte. Eventuelle endringar med omsyn til trafikale løysingar er moglege å gjere innanfor området sett av til offentleg trafikkområde.*

*Vi har difor ingen vesentlege merknader til planframlegget.*

**April/mai 2002 Kritisk trafikksikkerhetsrevisjon.**

Statens Vegvesen Vest-Agder gjennomførte trafikksikkerhetsrevisjon av planen. Denne revisjonen peker på feil samt fleire avvik og anmerkningar ved planen. Nedanfor fylgjer dei viktigaste feil/avvik/anmerkning frå revisjonen:

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

### **3.1.1 MPG-Tiltak**

*Feil:* Riksveg 9 ved Frøysnes er utpreget H1-veg, der strekningen gjennom bebyggelse kan betegnes som en H2 veg, og MPG vil derfor ikke være i tråd med det som er beskrevet i vegnormalene. I tillegg er det ikkje usansynlig at riksvegen gjennom Setesdal kan bli oppgradert til stamveg i nytt og revidert vegnett. Ut fra dette mener vi at MGP gjennom Frøysnes er feil bruk av slikt tiltak.

### **3.1.2 Innsnevringar til ett felt ved profil 750 og profil 1000**

*Avvik:* Forslag til reguleringsplan viser en avstand på ca 200 – 500 m mellom foreslåtte innsnevringar og porter, uten at de er kombinert med andre fysiske tiltak. Løsningen med ensidige innsnevringar, som forutsatt i planforslag, er dessuten en løsning som ikkje er omtalt i vegnormalene.

*Vi vil anbefale at vurderes tosidige innsnevringar med 50-75 meters avstand mellom disse, og at strekningen som dette gjelder gjøres kortere enn det som er foreslått i reguleringsplanen. Dersom innsnevring ved profil 1000 opprettholdes, må en være spesielt oppmerksom på måtesikt.*

### **3.1.5 Fortau, profil 660 – 1080**

*Håndbok 017 beskriver ikke fortau på H2-veger, men fortau beskrives i kapittel om H3-veger. I henhold til del B, kap. 5, bør fortau være minst 2m brede.*

*Anmerkning:* Forslag til reguleringsplan viser fortau med en bredde på 1m. En større bredde bør vurderes.

## **20.11.2002 Statens Vegvesen sender brev til Bygland kommune der dei trekker støtte til reguleringsplan for ny RV9 lags eksisterande vegline med MPG-tiltak**

Det blir informerer om at Vegkontoret ikkje har sendt reguleringsplanen tilbake til kommunen for endelig behandling. Dei syner til trafikktryggleiksrevisjonen, at det er foreslått at RV9 skal bli stamveg og at denne endringa i standard gjer at planar kan gå ut på dato.

*Vi tilrår at forslag til reguleringsplan blir lagt på is. Vi meiner at det ikkje vil vere rett å gå vidare med planlegginga. Det vil ikkje gi dei løysingar vi ønskjer. Vi ønskjer heller ikkje å bygge mellombelse løysingar, som til dømes, MPG-løysingar. Dei kostar pengar og dei skyv berre ei endeleg løysing ut i tid.*

...

*Hovudplanen vedtatt i 1995 kan berre bli avløyst av ein ny hovudplan (eller kommunedelplan som namnet no er. Dersom kommunen er einig i at noverande plan blir lagt på is, vil vi prioritere arbeider med å utgreie nye vegliner gjennom Frøysnes. Desse vil ikkje basere seg på MPG.*

*Utbygging av riksveg 9 gjennom Frøysnes er sett opp for bygging i 2004 og 2005.*

*Dersom kommunen ønsker nye vegliner vurdert vil vi forsere arbeidet. Vi reknar med at det ikkje vil vere nødvendig å skyve prosjektet ut i tid.*

## **30.01.2003 Bygland kommune vedtek at dei ikkje har merknader til at vegvesenet startar arbeidet med å utreie ulike veglinjer gjennom Frøysnes**

## **11.06.2003: Statens Vegvesen sender ut varsel om oppstart av kommunedelplanprosess for ny RV9 gjennom Frøysnes.**

Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

Det blir varsla om at Bygland kommune og Statens vegvesen startar ein kommunedelplanprosess med det formål å erstatte hovduplanen frå 1994.

*Vegkontoret har i samråd med Bygland kommune bestemt at vedteken vegline i hovudplan frå 1994 bør erstattast med ei anna. For å erstatte hovduplanen frå 1994 er det nødvendig med ein ny kommunedelplan.*

### **30.06.2003: Det vert halde oppstartsmøte for kommunedelplan med grunneigarane på Frøysnes**

Det kom fram ynskje om skisseforslag til nye vegtrasear.

### **23.09.2003: Statens Vegvesen sender ut 5 forslag til veglinjer gjennom Frøysnes.**

### **14.02.2005: Statens Vegvesen sender brev til innbyggjarane på Frøysnes og Bygland kommune**

Det vert vist til oppstartinga av arbeidet med kommunedelplan, men at regionleiinga har stansa arbeidet ein periode. Dei informerer vidare at dei no har fått klarsignal fortsette arbeidet.

### **27.02 2006: Statens Vegvesen sender kommunedelplanen til Bygland kommune for handsaming og offentleg ettersyn.**

Tidleg i planarbeidet blei dei 5 forslaga til veglinjer justert og redusert til 4 alternativ:

- A) Vest for bygda utan tunnel (I lia ovanfor store delar av bygda).
- B) Gjennom bygda (I lia over bygda i sør og nedanfor bygda i nord).
- C) Øst for bygda (Nermast fjorden)
- D) Vest for bygda med tunnel (I lia ovanfor bygda).

Alternativ C blei fjerna etter at Bygland kommune, Aust-Agder fylkeskommune og Fylkesmannen meinte at det var svært usannsynlig at dette alternativet kunne førast fram til vedtak.

Frå samandraget i planen:

*Ny veg gjennom Frøysnes er del av den delevis bompengefinansierte utbygginga av rv.9 i Setesdal til 2-feiltsveg. Utbygginga har som hovedmål å bedre framkommligheta. Vegvesenet gjennomførte en kommunedelplanprosess for å fastsette framtidig trase for ny RV9 gjennom Frøysnes. Det er oppretta et eget samarbeidsutvalg for plansaker for utbygging av RV9 i Setesdal. Utvalget er uformell møteplass for vegvesenet, kommunene, fylkeskommunene og Fylkesmannen. Setesdal Regionråd deltar også. På Frøysnes er 3 linjeforslag utreda, to vest for bygda, og ei linje gjennom bygda.*

...

*Vegvesenet finner ut fra ei samla vurdering, å anbefale alternativ A. Det varsles ikke innsigelse mot noen av de øvrige alternativer.*

Frå 2.5 i planen:

*Vegen er smal, 4,5-6 meter inklusive skulder. Flere steder er det vanskelig for tunge kjøretøyer å passere hverandre. Vegen har dårlig horisontal- og vertikalkurvatur. Vegen har ujevnt asfaltdekke med oppsprekninger. Dette skyldes dårlig bæreevne dom følge av dårlige materialer i vegkroppen, samt utilstrekkelige eller totalt fraværende grøfter. På den 1,9 km lange strekninga er det 15-20 direkte atkomster til boliger, hytte eller landbruk. Disse er av tildels meget dårlig kvalitet.*

### **18.04.2006 Bygland Plan-ressursutval vedtar å legge ut planen for offentleg ettersyn**

Dei anbefalar val av alternativ A (vest for bygda utan tunnel) eller D (vest for bygda med tunnel).



Planprosessen for ny RV9 (tidlegare RV12 og RV39) utanom/gjennom Frøysnes i Bygland kommune.

### **22.05.2006: Kommunedelplanen er lagt ut for offentlig ettersyn**

Fylkesmannen i Aust-Agder kom med sterk motstand mot alternativ B gjennom bygda:

*... Vi fremjer difor motsegn mot planforslaget dersom alternativ B (gjennom bygda) vert lagt til grunn for omlegging av vegen. Dei andre to alternativa er betre. Etter vår vurdering bør alternativ D (vest for bygda med tunnel) leggjast til grunn sjølv om kostnadane er noko høgare enn ved val av alternativ A (vest for bygda utan tunnel). Ved val av alternativ D (vest for bygda med tunnel) vert det berre mindre fylling mot fjorden, og kulturlandskapet og landbruksjorda i bygda vert skåna i størst mogleg grad. Denne traseen gjer og dei beste støyforholda. Vidare vil tunnel gjennom Nordigardsknausen gjere at vegen passar best mogleg inn i landskapet.*

Aust-Agder fylkeskommune ved Fylkesutvalget kom med fylgjande vedtak etter handsaming av saka:

*Fylkesutvalget oppfordrar Bygland kommune til å velje alternativ D (vest fo bygda med tunnel) for ny riksvegtrase gjennom Frøysnes*

Merknader til hovudplanen frå fire grunneigarar:

*Ny Riksveg forbi Frøysnes må leggjast etter alternativ D med slik justering:*

*Det sørlege tunnel-innslaget må leggjast lenger mot vest. Det er då ikkje nødvendig med stor fylling i Nordigardstunet, og huset med bur vil bli spart. Jamfør tidlegare utarbeida plan frå 1994.*

*Også lenger sør er det nødvendig å legge veglina meir mot vest, og eventuelt høgare. Det må likevel i størst mogeleg grad vere skjering på austsida av vegen (ikkje fylling). Dette vil skjerme for innsyn og strøy. Dette synest å vere betre ivareteke i planalternativ frå 1994.*

Merknad til hovudplanen frå ein grunneigar:

*For min del overlet eg til kommunen og vegvesenet å finne den beste og rimelegaste løysinga for ny trase gjennom Frøysnes.*

**02.01.2007 Statens vegvesen sender kommunedelplanen til Bygland kommune for vedtak**

**08.02.2007 Bygland kommune v/kommunestyret godkjenner kommunedelplanen med alternativ D (vest for bygda med tunnel).**

**22.03.2007 Bygland kommune v/kommunestyret opphever vedtaket p.g.a. bruk av feile paragrafar i saka.**

**22.12.2007 Bygland kommune v/kommunestyret godkjenner kommunedelplanen med alternativ D (vest for bygda med tunnel).**

*Bygland kommune eigengodkjenner med heimel i plan og bygningslova § 20-5 alternativ D i kommunedelplanen for «Ny RV9 Frøysnes», datert januar 2006. Alternativ D vert å sjå som den valde korridor for RV9. Under seinare utarbeiding av reguleringsplan må det takast omsyn til eksisterande busetnad ved å detaljplanlegge vegen lengst muleg vekk (mot fjellet i vest) frå husa slik dei ligg i dag...*